



Kombinasjonen av TV-innslaget og vinterferien var nok årsaken til at det vart storinnrykk i Cafe Tlaren i føremiddag.

Så stort og konsentrert var innrykket at dugnadsdamne måtte gje opp tellinga etter ei stund og det er derfor ikkje noko offisielt tal for besøket denne dagen.

Ei stund var det køtendensar og ventetid på nysteikte vaflar.

Men vi kan i alle fall slå fast at det var fleire enn 50 for det var 30 vaksne og 20 born i lokalet ved 12-tida.

Ikkje rart at Berit Harriet Døssland, som leiar den driftige gjengen på 25 (til høgre på biletet) var svært godt fornøgd og hadde ønskje om ei ny TV-sending neste veke! Vi kan berølige henne med at det kjem ei kanskje allereie fredag!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen